



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato  
01.03.2013  
Dykkar dato  
19.12.2012

Vår referanse  
2012/16224 542.1  
Dykkar referanse  
12/10340

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### Utsleppsløyve for Sjøtroll Havbruk AS på lokaliteten Storskrebukti i Lindås

---

**Sjøtroll Havbruk AS får løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av 780 tonn MTB stamfisk av laks og aure på Storskrebukti. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.**

---

Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Fylkesmannen har regulert dei tilhøva som blir vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

Vi viser til søknad frå Sjøtroll Havbruk AS av 12. desember 2012 som vart oversendt frå Hordaland fylkeskommune den 19. desember 2012.

Verksemnda søker om løyve til å registrere nytt tilsegn om stamfiskløyve på lokaliteten Storskrebukti i Lindås kommune. Søknaden inneber inga endring i drifta på lokaliteten som har vore i drift i meir enn ti år. I medhald av forureiningslova § 18 nyttar Fylkesmannen høvet til å endre utsleppsløyvet slik dette samsvarer med gjeldande vilkår. Då dette tiltaket ikkje inneber endringar i drift på lokaliteten, er søknaden berre vurdert i høve til resipientforholda på lokaliteten.

Løyvet erstattar tidlegare vedtak og gjeld på dei vilkåra som følgjer vedlagt. Det er ikkje gyldig før Hordaland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Løyvet gjeld òg for utslepp frå reingjering av produksjonsutstyr og medisiner. Det er sett vilkår for handtering av fiskeavfall og anna avfall ved anlegget. Løyvet gjeld ikkje for slaktning, sløyving og foredling av fisk.

Dersom løyvet ikkje er teke i bruk innan to år, må verksemnda melde frå til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 20.

Fylkesmannen vil påpeike at negative miljøpåverknader isolert sett er uønskt. Verksemnda pliktar å redusere utsleppa så langt det er mogleg utan urimelege kostnader og pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemnda å overhalde forureiningslova, produktkontrolllova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene

er nemnt i løyvet. Vi viser til [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no) for informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda.

Fylkesmannen har ikkje sett krav til substitusjon av kjemikalie i løyvet. Krav til substitusjon følgjer direkte av produktkontrolllova § 3a.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

#### *Vurdering*

Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova men ikkje vurdert han fullt ut etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

#### *Tilhøvet til plan*

Lokaliteten ligg innfor areal som er sett av til akvakultur i kommuneplanen.

#### *Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv*

Tiltaket inneber inga endring i høve til den drifta som har vore på anlegget i lenger tid.

#### *Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8–12*

Då tiltaket inneber inga endring i drifta, er det føretatt vurdering kunnskapsgrunnlaget for den samla belastninga på resipienten. Kunnskapsgrunnlaget blir vurdert som tilstrekkeleg, det er blitt utført jamlege MOM B-undersøkingar på lokaliteten.

Det er ikkje funne data i *Naturbase* eller *Artskart* som kjem i konflikt med tiltaket.

Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming. Når det gjeld viltinteresser, viser vi til vedlegg 2.

#### **Vurdering av sjøområde som resipient**

Lokaliteten ligg inne i Hindenesfjorden som er ei forlenging av Austfjorden og Fensfjorden. Fjorden er moderat terskla, med eit terskeldjup på om lag 156 m og største djup i bassenget på 296 m. Lokaliteten ligg plassert i ei bratt undersjøisk skråning med djupnene under anlegget varierende frå 80 til 140 m.

Rapport frå straummåling manglar måling av botnstraum, men denne skal ettersendast. Vassutskiftingsstraumen på lokaliteten er 4,7 cm/sek som er medels sterk. Straumen er og medels retningsstabil med hovudstraumretninga mot sør-aust.

Det er eit problem for miljøundersøkingane på lokaliteten gjev anlegget ligg over ei bratt skråning med hardbotn. MOM B-undersøkinga frå 2012 synte at det ikkje var råd å ta grabbskot på staden, det vart stort sett tomme grabbskot. Den låge skåren på B1 skjema har samanheng med at det ikkje var noko i grabbskota som vart tekne. For framtida vil det vere meir tenleg med MOM C undersøkingar og /eller utvida MOM B- undersøkingar i tråd med dei frekvensane som er gjeve i NS9410. MOM C-undersøkinga på lokaliteten Storskrebukti

kan vere felles med lokaliteten Øvreås då dei begge er lokaliserte i same fjordbasseng. Overgangssona kan då leggjast midt mellom anlegga og fjernsona på djupaste punktet i bassenget nord vest for lokaliteten Øvreås.

Ut frå dei resultata som blir presenterte i søknaden og innsende rapportar, meiner Fylkesmannen det er tilrådeleg å halde fram med løyve til ein biomasse på 780 tonn på lokaliteten.

Lokaliteten ligg inne i eit fjordsystem. Fjordlokalitetar synes å vere mest kjenslege for organisk belastning og ha mindre bæreevne samanlikna med lokalitetane ute på kysten. Lokaliteten er tildelt ein høg maksimal tillaten biomasse (MTB) og anlegget er forventa å gi vesentleg organisk belastning på lokaliteten. Verksemda skal undersøkje miljøtilstanden på lokaliteten med MOM B-undersøkingar etter NS 9410. I tillegg set Fylkesmannen krav om at verksemda utfører resipientundersøking med MOM C etter 2 år i drift. Dette skal gjerast for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningslova § 51.

### **Risikoklasse**

Verksemda er plassert i risikoklasse 3. Fylkesmannen har lagt forureiningspotensialet og eigenskapane til resipienten til grunn for val av risikoklasse. Han er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgaste risiko. Risikoklassen angir forventa ressursbruk ved tilsyn, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Han har òg innverknad på kor ofte vi vil gjennomføre tilsyn med verksemda og storleiken på gebyret ved tilsyn.

### **Gebyr for sakshandsaming**

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemda under gebyrsats 4, jf. forureiningsforskrifta § 39-5 om arbeid med endring av løyve. Verksemda skal betale 5.300 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Klima- og forureiningsdirektoratet sender faktura.

Verksemda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Klima- og forureiningsdirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Klima- og forureiningsdirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

### **Erstatningsansvar**

Utsleppsløyvet frittek ikkje verksemda for erstatningsansvar for forureiningsskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

### **Klage**

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif), jf. forvaltningslova. Send klagen til Hordaland fylkeskommune innan tre veker etter at anlegget har fått løyve etter akvakulturlova.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan Fylkesmannen eller Klif etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal gjelde før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Partane i saka har etter forvaltningslova §§ 18 og 19 rett til å sjå saksdokumenta. Fylkesmannen kan på førespurnad gi nærare opplysningar om sakshandsaminga.

Helsing

Sissel Storebø e.f.  
senioringeniør

Tom N. Pedersen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:                    Utsleppsløyvet (vedlegg 1)  
                                  Tiltak for å sikre mot viltskade (vedlegg 2)

Kopi til:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	Isdalstø
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Sjøtroll Havbruk AS			